

Rhododendron skal erstatta trerekkja i båthamna.

14.08.2016



Rhododendronar skal pryda denne skråninga i framtida.

Den siste tida har 3 av trea i trerekkja langs kyrkjegardsgjerdet ved stien ned mot båthamna blitt felt. Desse står på kommunen sin eide, og det er båtlaget sine folk som har stått for fellinga. Uskedalen.no har fått spørsmål fra fleire om fellinga, og noko som går igjen er spørsmålet om det vidare arbeidet i skråningen.

Leiar i Uskedal båtlag, Hans Gustav Mussland, fortel at det som skjer, er i samarbeid med kyrkjekontoret. Dei ønskjer alle trea vekk då dei forårsakar at det vert mykje lauv både i hamna og på kyrkjebakken. Dei ønskjer å erstatta dei med rhododendron eller andre vekstrar under 2 meter. Båtlaget har teke på seg å stå for trefellinga.

Kyrkjeverje Erlingur Nielsson stadfestar dette og legg til at det også vil verta fjerna noko på sjølve gravplassen. Dette skal også erstattast med noko som ikkje vert så veldig høgt. Han seier også at det er viktig at kyrkja spelar på lag med lokalbefolkinga om å finna fornuftige løysningar.

Dermed kan vi beroliga dei som synes dette ser litt rart ut for tida. Det vert nok flott når dei fargerike og riktblomtrande plantene med dei knallgrøne blade er på plass i skråningen, og resten av arbeidet vert gjort.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland